



Prosjektstyring Vest AS
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2815 - 19/934

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

15.01.2019

Godkjenning - løyve til opparbeiding av veg - gbnr 22/218 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 15/2019

Tiltakshavar:

Mjåtveit Næringsbygg AS

Ansvarleg s kjar:

Prosjektstyring Vest AS

S knadstype:

S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg s kjar har p  vegne av tiltakshavar s kt om l yve til oppf ring av tilkomstveg p  gbnr. 22/218, til gbnr 22/267 og gbnr 22/268 som vist p  vedlagte situasjonsplan.

Gbnr. 22/218 er registrert med eit areal p  om lag 127,8 daa og Mj tveit N ringspark AS st r registrert som eigar. Det er s kt om l yve til oppf ring av veg i samsvar med reguleringsplanen.

Mj tveit N ringspark AS har gitt Prosjektstyring Vest AS fullmakt til   s ke om oppf ringa. Meland kommune finn difor ikkje grunnlag for   avvise s knaden etter pbl § 21-6.

Vi viser til s knad med vedlegg, journalf rt motteke 10.12.18.

Postadresse



postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Bes ksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd. Det er ikkje motteke merknadar i saka.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr. 22/218 er omfatta av Reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, planid: 125620120001, og er regulert til næring/industri/lager (område N/IND/L01).

I følgje planføresegn § 3.3 nr. 1 kan det oppførast bygningar for næring, industri og lager med tilhørande infrastruktur. Det omsøkte tiltaket er dermed i samsvar med regulert arealformål.

Tilkomst:

Administrasjonen godkjenner omsøkt vegtilkomst med 2 avkjørslar til Gbnr 22/267 og Gbnr 22/268, som vist på vedlagte situasjonskart og i samsvar med planføresegn § 3.2 pkt. 10.

Ansvar:

Ansvarleg søkjar, Prosjektstyring Vest AS, har i søknad bekrefta at heile tiltaket vil bli belagt med ansvar, slik at alle krav etter plan- og bygningslova blir fylgt. Kommunen legg dette til grunn, jf. pbl § 23-4. gjennomføringsplan, datert 10.12.18 leggjast til grunn for godkjenninga.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav l) løyve til oppføring av veg med to avkjørslar som omsøkt på gbnr. 22/218, Mjåtveit Næringspark, jf. søknad med vedlegg journalført motteke 10.12.2018.

Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tillatelse til tiltak GBNR 22/218
Kart
Gjennomføringsplan, ansvarsrett

Kopi til:

Mjåtveit Næringsbygg AS Grønamyrvegen 2 5353 STRAUME

Mottakarar:

Prosjektstyring Vest AS Postboks 66 5318 STRUSSHAMN